



NOTAT

Dato: 09.11.2015
Synfaring 22.10.2015

Frå Tore Dolvik, kommunegeolog


Vår ref: 14/1337-6/N - 634//TORDOL

Kommunegeologen - synfaring og innmåling av vasshøgde 22. okt. 2015

Kvam herad, saman med NVE og Fylkesmannen, fekk den 12. okt. ein uromelding om vasstaden i Eidesvatnet og mogleg fare for utrasing langs strandsona (14/1337-2).

Den 22. okt. var Tore Dolvik, kommunegeolog og landmålar Magnar Dalatun på Kvitasteinen for å måle vassnivået i Eidesvatnet. Vasstanden vart målt til ca. 31,56 m.o.h. I tillegg var me på synfaring saman med Britt Eide på Eide, Kalvhageneset og Eidesanden.

Vedlagt er måleresultat og bilde frå synfaringa, samt samanlikning av bilde tatt av Britt Eide den 12. okt.



Figur 1. Kvam herad. Svart sirkel viser lokalisering Eidesvatnet.




Figur 2. Eidesvatnet.

Mottakarar:

Jon Nedkvitne

5600 NORHEIMSUND



Figur 3. Kartutsnitt for nordlege deler av Eidesvatnet. Svarte sirkler viser omtrent kor bilda er tatt, med ref. til figur. Stor svart sirkel viser kor Kvam herad

Eidesvatnet

Eidesvatnet ligg ca. 2 km sør for Tøvikbygd på innsida av Ljoneshalvøya. NVE gav konsesjon til regulering av vatnet i 2009. Ut frå kartdata er høgda på Eidesvatnet 33,0 m.o.h. Konsesjonen frå NVE har som vilkår at:

- Naturleg vasstand (NV) er 32,95 m.o.h.
- Høgaste regulerte vasstand (RV) er 33,00 m.o.h.
- Lågaste regulerte vasstand (LRV) er 32,25 m.o.h.

Innmåling av vasshøgde den 22. okt. 2015

Den 22. okt. ca. kl 10:30 vart ein målebolt på Kvitastein, og vasshøgda i same område målt inn med GPS av landmålar Magnar Dalatun (sjå fig. 3, 4, 5 og 6). Målebolten vart målt til 33,199 m.o.h. og vassnivå vart målt til 31,558 m.o.h. Det var litt bølger, så vassnivå-målinga har ein feilkilde på nokon centimeter.

Det kom litt regn i på tysdag 20. og onsdag 21. okt. før målinga (ca. 20 mm – data henta frå xgeo.no), slik at me antar at vassnivået har vore lågare enn det som er innmålt (eller hadde vore endå lågare om det ikkje hadde kome nedbør).

Uoffisielle målingar av Britt Eide den 19. okt. og 22. okt. er 31,57 m.o.h. ved stille vatn den 19. og 31,55 m.o.h. med bølger den 22.

Ut frå dei uoffisielle målingane, der vasshøgda er omtrent det same den 19. og den 22. okt., så kan det tyde på at vasstanden ikkje har vore så mykje lågare enn det som vart målt den 22. okt. Fig. 7 og 8 viser at vasstanden var litt lågare den 21. okt., men det er snakk om få cm.

Bilde frå synfaring den 22. okt. og innsendte bilder frå Britt Eide

Britt Eide sendte på oppfordring frå NVE bilde av Eidesvatnet den 12. okt. Kvam herad fekk desse bilde tilsendt på e-post den 19. oktober (ref: 14/1337-5). På synfaringa den 22. okt. tok kommunegeologen bilde. I tillegg har Kvam herad fått inn bilde tatt den 21. og 22. okt. frå Britt Eide (ref: 14/1337-7) – sjå fig. 7. og 8.

Under er det tatt med bilde frå synfaringa, samt nokon bilde tatt av Britt Eide den 12. okt. til samanlikning.

Kvitastein




Figur 4. Kvitastein. Landmålar Magnar Dalatun måler inn målebolt (til venstre) og vasshøgda (til høgre). Målinga var tatt nokon cm lågare enn vist på bilde til høgre (raud pil viser omtrent kor målebolter er).



Figur 5. Låg vasstand ved Kvitastein.

KOMMUNEGEOLOGEN – UROMELDING
Eidesvatnet – lågt vassnivå



Figur 6. Innmålte verdier på bolt ved Kvitastein (33,199) og vasstand den 22. okt. 2015 ca. kl 10.30 (31,558).
Innmålt av Magnar Dalatun, geodata, Kvam herad.

Eide og Kalhageneset



Figur 7. Eide. Bilde er tatt den 21. okt. 2015 mot stranda på Eide (fig. 9). Vasstanden er litt lågare enn den 22. okt. (FOTO: Britt Eide, 21. okt).



Figur 8. Bilde tatt frå omtrent same stad som fig. 7. Det viser at vasstanden var litt lågare den 21. okt. samanlikna med den 22. okt. Det stemmer bra med tanke på nedbøren som kom mellom den 20. og 22. okt. (FOTO: Britt Eide, 22. okt.).



Figur 9. Stranda på Eide. Bekken ca. midt på bilde har erodert seg godt ned i sandstranda.



Figur 10. Utsikt frå Eidesstranda og mot Kalvhageneset. Raud sirkel viser område kor det deler av stranda glei ut i nov./des. 1993 (sjå òg fig. 11 og 12).



Figur 11. Tidlegare skredkant som vatnet til tidar eroderer i. (FOTO: Britt Eide, 12. okt.). Skredhendinga skal ha skjedd i nov/des. 1993.



Figur 12. Bilde tatt 22. okt. Vasstanden er litt lågare enn den 12. oktober.



Figur 13. Kalvhaganeset. Sprekk i strandsona vist med raud pil. Det var ikkje teikn til frisk oppsprekking på synfaringsdagen (FOTO: Britt Eide, 12 .okt.)



Figur 14. Bilde tatt den 22. okt. Raude piler viser omtrent kor sprekken går i terrenget. Det gjekk eit skred i område er like til høgre for øvre bildekant. Det losna når vatnet steg raskt på grunn av mykje nedbør etter å ha vore nedtappa (sjå. fig. 10, 11 og 12).



Figur 15. Kalvhageneset. Britt Eide fortel at utenfor sanden her er det brådjupt og at mesteparten av steinane har tidlegare vore dekkja av sand og jord (FOTO: Britt Eide, 12. okt.)



Figur 16. Vassnivåer er lågare den 22. okt enn 12. oktober, og bølger har erodert i strandkanten.

Eidesanden



Figur 17. Eidesanden. Ein mindre bekk har gravd seg ned i stranden og laga eit delta ved eit tidlegare vassnivå. No har elva gravd seg ned i dette deltaet og lager truleg eit nytt eit på eit lågare nivå. (FOTO: Britt Eide, 12. okt.



Figur 18. Bekken har gravd seg godt inn i deltaet som den har laga ved eit tidlegare vassnivå (ut frå vegetasjonen truleg tidlegare i år).